

Gløymt Litauen-bil?

08.10.2007



Litauen-bilen bør fjernast snart, ellers gjer politiet det. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein Mercedes registrert i Litauen har no i fleire månader stått parkert urørt mellom Vertshuset og Sandakaien og uskedalen.no har fått telefonar frå fleire som undrar seg over bilen.

- Hvis den ikkje snart blir fjerna, blir den plukka frå kvarandre, seier ein oppsittar i nærleiken, som spør kven som har ansvaret for at noko blir gjort.

Etter kva vi veit er bilens eigarar nokon som i sommar arbeidde med opprustinga av Vertshuset og som har lete bilen stå att etter seg.

Men no er den i politiet sitt søkerjos og bør bli fjerna snart av dei som kjenner seg ansvarlege.
– Hvis ikkje vil politiet gjera det, seier overbetjent Sigurd Børve.

Etter at dette var utlagt på nettet har den som kjenner seg ansvarleg meldt seg og lovar å få bilen fjerna.